



Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Siri Tveitan, 33371086

Ingen vesentlige merknader - dispensasjon - Fyresdal - 48/1 - Rolleivstad - båthus

Vi viser til oversending frå Fyresdal kommune datert 10.07.2025, deira ref. 2025/737.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av båthus på Rolleivstad gbnr. 48/1. Båthuset det søkast om skal vere eit felles båthus for fire einingar.

Vi har gått gjennom oversend sak med vedlegg, inkl. opplysningane og vurderingane til kommunen. Etter dialog med saksbehandlar på telefon vart det avklart at det blir søkt om dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet rundt vassdrag på 50 meter i KPA Fyresdal, og ikkje frå byggjeforbodet gitt i pbl. § 1-8. Avklaringa vart for ordens skyld oversend kommunen per e-post og blir inkludert i vår vurdering av oversendinga. Søkt om plassering av båthuset på 69 kvadratmeter er innanfor 50 meter frå Rolleivstadvatnet, og dessutan i leveområde for villrein (Våmur Roan). Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF med omsynssone for villrein.

Miljøavdelinga si rolle

Statsforvaltarens fagavdelingar skal i medhald av plan- og bygningsloven § 19-1 sjå til at dispensasjonar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, interessene og gravplassane til barn og unge. Denne saka berører forvaltning av vassdrag og leveområde til villrein, som er blant ansvarsområda til Statsforvaltarens miljøavdeling. Miljøavdelinga skal bidra til å sikra at leveområde, artar og naturressursar blir tekne vare på, mellom anna ved å kontrollera at kommunane følgjer naturmangfaldlova, og sikre at kunnskap om miljøet blir lagt til grunn for kommunale avgjerder.

Miljøavdelinga sine vurderingar

Kommunen har vurdert oppføring av båthuset etter naturmangfaldlova § 8-12. Området er ikkje definert som eit nasjonalt villreinområde, men kunnskapsgrunnlaget for dette området er avgrensa, som tilseier at det er usikkert i kor stor grad lett utbygging langs vatnet påverkar villreinen i dette området. Det bør visast aktsemd med utbygging i villreinområde generelt for å unngå at kvaliteten



på leveområde blir redusert der dei ideelt sett skal auka. Kommunen viser til at det er ingen særskilde registreringar av villrein knytt til området, og dessutan at den tjukke skogen skjermar for forstyringar. Vi legg dette til grunn i vår vurdering, men ber likevel om at det under byggjefasen blir teke omsyn til at det blir bygd i leveområde for villrein. Arbeida bør ferdigstillast så raskt som mogleg for å unngå unødig nivå av trafikk i området.

Båthuset skal oppførast i vasskanten, men vil ikkje krevja tiltak i vatn ifølge kommunen. Dersom det likevel skulle visa seg å krevja tiltak i vatn, så må det avklarast med forureiningsstyresmakta (Statsforvaltaren) om det krevst eige løyve til tiltaket etter forureiningsregelverket. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhenta denne avklaringa. Vi viser til følgjande nettside og søknadsskjema her for meir informasjon: [Mudring, dumping og utfylling | Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark](#)

Tiltak som medfører fare for forverring av produksjonsmoglegheitene for fisk eller andre ferskvassorganismar, kan òg krevje løyve etter *Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*, jf. §§ 1 og 2. Vi minner òg om omsynet til kantvegetasjon langs vassførekomstar, jf. vassressurslova § 11.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil komma vesentleg i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn vi skal vareta i dispensasjonssaker. Vi har ingen fleire merknader til tiltaket.

Vi legg til grunn at kommunen nøye vurderer søknaden etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 19.

Vi ber om kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Siri Tveitan
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Telemark fylkeskommune
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Postboks 2844 3702 SKIEN